

2013

Norske pengespel 2013 Gaming in Norway



Statistikk over norske
pengespel og lotteri

Annual statistics report from
The Norwegian Gaming
and Foundation Authority



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Innhold

Føreord	4
Samandrag	5
Endring i omsetning	13
Norsk Tipping AS og Extra	15
Norsk Rikstoto	23
Digitale plattformer	26
Bingo	28
Andre lotteri	32
Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn	36
English summary	38
Vedlegg	41

51 milliardar til formål dei siste ti åra

Norske lotteri og pengespel bidreg sterkt til samfunnsnyttige og humanitære formål.

Frå spel- og lotteriåret 2013 fekk gode føremål i alt 5 milliardar kroner.

I løpet av dei 10 siste åra har formåla totalt motteke 51 milliardar kroner frå norske pengespel og lotteri, men om vi tek omsyn til prisstigninga vil det totale beløpet utgjere 55 milliardar i 2013- kroner.

Mange lag og organisasjonar har inntekter frå lotteri og pengespel i Noreg. Gjennom ei overgangsordning har Lotteritilsynet i år også betalt ut nær 94 millionar kroner i formålsinntekter til lag og organisasjonar som tidlegare ikkje har motteke inntekt frå Norsk Tippings overskot.

Med dette vil etter kvart fleire landsdekkande organisasjonar i større grad bli mottakarar av lotteri- og pengespel-overskotet.

I 2013 satsa nordmenn 30,9 milliardar kroner på dei regulerte pengespela i Noreg. Dette er i overkant av 2 milliardar meir enn året før, men då er ikkje spel på internasjonale nettspel medrekna.

21,9 milliardar kroner gjekk tilbake til spelarane i form av gevinstar. Netto omsetning, eller det som vart tapt på lotteri- og pengespel, utgjer dermed 9 milliardar kroner.

I gjennomsnitt satsa kvar nordmann 6 086 kroner på regulerte pengespel i 2013, ein auke på 375 kroner samanlikna med året før. Når vi tek

omsyn til gevinstane har kvar innbyggjar i snitt lagt igjen 1 774 kroner. Dette utgjer 0,69 prosent av husstanden si disponible inntekt. Beløpet som er lagt igjen er om lag det same som året før.


Auken i omsetning skuldast mellom anna auka omsetning hos Norsk Tipping på terminalspela Multix og Belago.

Bingospel har hatt ein svak reduksjon i omsetning gjennom 2013, men samtidig har Norsk Tipping sine Belago-terminalar i bingolokale auka si omsetning. Dermed har dei fleste organisasjonane som har inntekt frå spel i bingolokale oppretthalde sine inntekter.

Landslotteria og dei mindre lokale eller regionale lotteria har også hatt ein viss reduksjon i omsetning.

Vi må endå ein gong takke aktørane i den norske pengespelmarknaden for samarbeidet i samband med utarbeiding av denne statistikken. Utan informasjonen som vi får frå aktørane ville vi ikkje fått fram denne statistikken.

Førde, desember 2014



Atle Hamar
direktør

Samandrag

I den norske spel- og lotterimarknaden vart det i 2013 omsett for 30,9 milliardar kroner. Av dette gjekk 21,9 milliardar tilbake til spelarane i form av gevinst.

Etter at spelarane hadde fått sine gevinstar, låg det igjen 9,0 milliardar kroner til fordeling blant aktørane; operatørar, entreprenørar, lokalinnhavarar, kommisjonærar forutan humanitære og samfunnsnyttige formål.

Rapporten omfattar pengespel og lotteri med løyve frå norske styresmakter. Her er ikkje med tal for omsetning på t.d. utanlandske nettstader eller illegale spel.

Når det gjeld metode for innsamling av data og utrekning av estimat, viser vi til vedlegg bak i rapporten.

Den norske pengespelmarknaden - nøkkeltal 2013

År 2013	Millionar	
	NOK	EUR ¹
Brutto omsetning (spelt for)	30 915	3 959
Gevinst	21 903	2 805
Netto omsetning (lagt igjen/tap)	9 012	1 154

År 2013	Spelt for		Lagt igjen (etter gevinst)	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per innbyggjar ²	6 086	779	1 774	227
Per innbyggjar 18 år ³ og eldre	7 815	1 001	2 278	292
Per husstand ⁴	13 388	1 715	3 903	500
Prosent av disponibel inntekt ⁵	2,36 %		0,69 %	

I gjennomsnitt spelte kvar nordmann (liten som stor) for 6 086 kroner i 2013.

Dette er 375 kroner meir enn i 2012 då satsa beløp per innbygger var på 5 711 kroner.

Om vi trekkjer frå gevinstantane vil kvar innbyggjar i 2013 ha lagt igjen 1 774 kroner. Av husstanden sine disponible inntekter utgjer dette 0,69 prosent. Beløpet som er lagt igjen etter gevinstutbetaling er 33 kroner mindre enn i 2012 (kr 1 807).

1 Middelkurs 2013 frå Norges Bank 7,8087.

2 Gjennomsnittleg folketal frå SSB, www.ssb.no 1/1-2013 og 1/1-2014.


3 Norsk Tipping innførte 18 års aldersgrense på alle spel frå februar 2011, og frå 2011 visast beløp per innbyggjar 18 år og eldre mot 15 år og eldre i dei tidlegare statistikkane.

4 Gjennomsnittleg tal personar i husstanden er 2,2 (SSB).

5 SSB: «Husholdninger og ideelle organisasjoner. Inntekter, utgifter og sparing.» Disponibel inntekt 1 312 180 millionar kroner.

Brutto omsetning i 2013

Den norske pengespelmarknaden - brutto omsetning 2013, totalt 30 915 millioner kroner



I 2013 spelte nordmenn for 30,9 milliardar kroner. Det vart satsa 20,7 milliardar på Norsk Tipping sine egne spel, og av dette nær 9,4 milliardar⁶ på Multix- og Belago-spel. I tillegg vel 0,9 milliard på Extra-lotteriet som også Norsk Tipping opererer. På hestesport spelte nordmenn for nærare 3,8 milliardar kroner gjennom Norsk Rikstoto.

Bingo og lotteri utgjør den private delen av marknaden. Bingo hadde ei omsetning på i overkant av 4,6 milliardar, der entreprenørbingoen utgjorde størsteparten, 4,5 milliardar, inkludert sidespel i bingo (elektronisk⁷ og papirsidespel). Omsetninga for bingo utan entreprenør er estimert til 140 millioner kroner.

Blant dei andre lotterier er det landslotterier som hadde størst omsetning, 288 millioner kroner. For lokale og regionale lotteri⁸ estimerer vi omsetninga til 110 millioner kroner.

I 2013 vart det spelt for 459 millioner på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner.


Samla brutto omsetning har auka frå 28,7 milliardar kroner i 2012.

6 7,105 milliardar på Multix og 2,266 milliardar på Belago.

7 Databingo.

8 Mindre lotteri, såkalla lykkespel, er ikkje medrekna.

Den norske pengespelmarknaden år 2013, marknadsdelar av brutto omsetning



Målt etter brutto omsetning hadde Norsk Tipping (eksklusiv Extra) og Norsk Rikstoto til saman 79 prosent av marknaden.

Pengepremiar og gevinstar i 2013

Tal i millionar kroner	Brutto omsetning	Gevinst	Netto omsetning	Prosent gevinst
Norsk Tipping	20 706	14 820	5 886	72 %
Norsk Rikstoto	3 775	2 551	1 224	68 %
ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering	935	460	474	49 %
Bingo med entreprenør	4 502	3 544	957	79 %
Landslotteri	288	52	236	18 %
Bingo utan entreprenør*	140	85	55	61 %
Lokale/regionale lotteri*	110	20	90	18 %
Spel på skip	459	369	90	80 %
Totalt	30 915	21 903	9 012	71 %

*) Omsetning for bingo utan entreprenør og for lokale/regionale lotteri er delvis estimert (sjå vedlegg).


Spelarane vann tilbake totalt 21,9 milliardar kroner av innsatsen på 30,9 milliardar.

I kronebeløp gjekk mest tilbake til spelarane frå Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og entreprenørbingo. I prosent mest tilbake frå spel på skip (80 %) og entreprenørbingo (79 %).

Lotteri bokfører ofte gevinstkostnad og ikkje verdien på gevinst. Premien kan ha høgare verdi for vinnaren enn det som kjem fram i rekneskapen (m.a. pga. oppnådde rabattar ved kjøp av premiar eller ved at premiar er gitt som gåver utan at dette kjem fram i rekneskapen).

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden i 2013

Den norske pengespelmarknaden år 2013, marknadsdelar av netto omsetning



Norsk Tipping hadde størst netto omsetning (65 %). Norsk Tipping (eksklusiv Extra) og Norsk Rikstoto hadde til saman 79 prosent av marknaden i 2013.

Fordeling til formål og administrative kostnader i 2013

Netto omsetning	Formål			Administrative kostnader	
	Mill. kr	Mill. kr	Prosent	Mill. kr	Prosent
Norsk Tipping	5 886	3 633	62 %	2 253	38 %
Norsk Rikstoto	1 224	591	48 %	633	52 %
Extra	474	227	48 %	161	34 %
NT's operatørgodtgj. til NT-formål		86	18 %		
Bingo med entreprenør	957	235	25 %	723	75 %
Landslotteri	236	81	34 %	155	66 %
Bingo utan entreprenør *	55	35	64 %	20	36 %
Lokale/regionale lotteri *	90	80	89 %	10	11 %
Spel på skip	90	18	20 %	72	80 %
Totalt	9 012	4 986	55 %	4 027	45 %

*) Estimerte og avrunda beløp

5,0 milliardar kroner gjekk som inntekt til formåla. Største del av inntektene (3,6 mrd.) kom frå Norsk Tipping sine spel. Her er det også ein forholdsvis stor prosentvis del til formåla av netto omsetning (62 %). Frå Norsk Rikstoto gjekk det 591 millionar til formåla.


Blant dei private spela gjekk det prosentvis mest til formåla frå lokale lotteri, bingo utan entreprenør og Extra. For entreprenørbingo og spel på skip utgjorde formåla sine inntekter under 30 prosent av netto-omsetninga.

Frå entreprenørbingo fekk formåla 235 millionar, eller 25 prosent. Mange av formåla i entreprenørbingo får også inntekt frå Norsk Tipping sine Belago-terminalar. Dette er omtalt i kapittel 3 og 6.

Frå spel på norske skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn fekk formåla 18 millionar.

Den følgjande figuren viser kor mykje av formåla sine inntekter som kom frå dei ulike spel og lotteri.

Den norske pengespelmarknaden 2013, formåla sine spel- og lotteriiinntekter



Dei administrative kostnadene var i 2013 51 millionar større enn dei var i 2012. Samstundes var netto-omsetninga redusert med 55 millionar. Formåla har fått 106 millionar mindre i 2013 enn i 2012 då formåla fekk 5 091 millionar kroner.

Administrative kostnader⁹ i 2013 utgjorde 4,0 milliardar kroner. Dette er operatør, entreprenør og eventuell tredjepart (t.d. lokaleigar og kommisjonær) sin del av inntektene.

Den største delen av kostnaden (2,25 mrd.) skriv seg frå Norsk Tipping, men prosentvis er kostnadsdelen forholdsvis låg her (38 %). Større kostnadsbeløp kom også frå entreprenørbingo (0,72 mrd.) og Norsk Rikstoto sine spel (0,63 mrd.).

9 Alle kostnader ved eit spel eller lotteri som ikkje er gevinstkostnad.

Kostnader til eventuell tredjepart kan vi synleggjere for Norsk Tipping, Extra og Norsk Rikstoto. For andre spel/lotteri har vi ikkje slike tal, men også her kan det vere slike utgifter, t.d. til kommisjonær og tele-marketing.

Netto omsetning i 2013 og kostnad til 3. part	Netto omsetning Mill. kr	Kostnader til kommisjonær, nettpartner eller lokalinnehavar	
		Mill. kr	Prosent av netto omsetning
Norsk Tipping, ekskl. Extra	5 886	821	14 %
Extra	474	59	12 %
Norsk Rikstoto	1 224	166	14 %
Totalt	7 584	1 046	14 %

Frå spela her gjekk det 1 046 millionar til kommisjonærar, nettpartnerar eller lokalinnehavarar.

Formåla sine inntekter fordelt på kategoriar

Fordeling av spel- og lotteriinntekter - 2013

	Mill.kr	Prosent	
Idrett	2 226	45 %	*
Kultur (statsbudsjett og regjeringa)	863	17 %	
Musikk/kultur/fritid	159	3 %	*
Hest/hestesport	591	12 %	
Helse	521	10 %	*
Humanitær	478	10 %	*
Diverse	44	0,9 %	*
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	136	3 %	
Tiltak vedk. uheldig speleåtfærd	12	0,2 %	
Totalt	5 030	100 %	

*) I tillegg får formåla delar av 136 millionar som i tabellen er uspesifisert (samla 2,7 %).

Tabellen over inkluderer også inntekt til formål som ikkje skriv seg frå spelomsetninga i 2013. Frå speleomsetninga i 2013 gjekk 4 986 millionar til formål.

I tillegg fekk 23 organisasjonar utbetalt i alt 44 millionar frå tidlegare års midlar på Norsk Tippings tippenøkkel som ikkje har vore utbetalt tidlegare.¹⁰

Totalt til formål gjekk det difor 5 030 millionar kroner.

Midlar frå Norsk Tipping blir gjennom tippenøkkelen tildelt gjennom ulike ordningar. Formåla er idrett, kultur og samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar .

Idretten fekk si tildeling gjennom Kulturdepartementet (56 % av tippenøkkelen). Midlane til kultur gjekk gjennom statsbudsjettet (11,1 %) og regjeringa (14,9 %).

Midlar til samfunnsnyttige eller humanitære formål (18 %) vart utbetalt på to måtar. Det meste blei betalt direkte frå Lotteritilsynet etter fastsett fordeling. Ein mindre del vart betalt ut av Lotteritilsynet etter søknad til lag og foreiningar som hadde automatinntekter i 2001.

10 Dei same organisasjonane fekk også utbetalt 50 millionar som ikkje vart fordelt gjennom Lotteritilsynets ordinære tildeling frå Norsk Tippings overskot for 2013. Dette gjeld landsdekkjande organisasjonar som ikkje tidlegare har mottatt midlar frå Norsk Tippings overskot. Jf. Forskrift om tilskudd til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar fra spilleoverskuddet til Norsk Tipping § 6b. 44 millionar er inklusiv 1 million i renteinntekter.

Foreiningar med inntekter frå entreprenørbingo fekk også formålsandelen av Norsk Tipping sine Belago-terminalar.

Grasrotordninga og midlar til tiltak vedkomande uheldig speleåtfærd kjem også frå Norsk Tipping si speleomsetning, og er heller ikkje medrekna i tippenøkkelen.

Idrett (2 226 millionar *)

Her inngår fordeling frå Norsk Tipping over tippenøkkelen med 1 860 mill., 214 millionar frå grasrotordninga, 112 mill. frå entreprenørbingo, 22 millionar frå NT sine Belago-terminalar i bingolokale, 13 millionar frå spel på skip og 2 mill. frå landslotteri. I tillegg inngår 3 millionar frå Norsk Tipping utbetalt av Lotteritilsynet til einskilde lag og foreiningar på grunnlag av automatinntekter i 2001.

Idretten har også inntekt frå foreiningsbingo og lokale lotteri som ikkje er medrekna.

Inntekt frå bingo, lotteri og spel på skip er i mindre grad øyremærkte, og går i større grad til lokale lag som frie midlar (innanfor vedtaksfesta formål).

Kultur og fritid (1 022 millionar *)

Også her er det store inntekter, men det meste til kulturformål kom frå Norsk Tipping via statsbudsjettet (369 mill.) eller som løyving frå regjeringa (495 mill.).

I tillegg er 159 millionar i inntekt frå andre typar spel, lotteri eller ordningar utan at lokale lotteri og bingo utan entreprenør er medrekna. Dette fordeler seg på grasrotmidlar (NT) med 76 mill., entreprenørbingo 45 mill., inntekt frå Belago med 11 millionar, spel på skip 4 mill., landslotteri 1 mill. og tildeling på grunnlag av tidlegare automatinntekter og gjennom overgangsordning med 22 mill¹¹. Dette er friare midlar som ikkje er knytt opp mot løyvingar.

Hest/hestesport (591 millionar)

Dette er inntekter som i si heilheit kom frå Norsk Rikstoto.

Helse (521 millionar *)

Her inngår organisasjonar som til dømes Kreftforeningen, Norges Blindforbund og Norges Handikapforbund. 227 mill. som ExtraStiftelsen Helse- og Rehabilitering fekk frå Extraspelet er med her, og desse går til prosjekt knytt til helse, sjukdom og levekår.

Elles inngår 173 millionar frå Norsk Tipping¹², 33 mill. frå landslotteri, 47 mill. frå entreprenørbingo, 8 millionar frå Belago, 14 millionar frå grasrotordninga (NT), 18 millionar (NT) som Lotteritilsynet har betalt ut på grunnlag av automatinntekter i 2001 og 0,1 million frå spel på skip.

Inntekt frå lokale lotteri og bingo utan entreprenør er ikkje medrekna.

Humanitær (478 millionar *)

Dette er organisasjonar som t.d. Røde Kors, Redningsselskapet, Norsk Folkehjelp, Flyktninghjelpen og Lions.

Inntektene kom frå Norsk Tipping med 408 millionar¹³, landslotteri med 35 mill., entreprenørbingo med 17 millionar og 4 millionar frå Belago. I tillegg er det rekna med 4 millionar frå Norsk Tippings grasrotmidlar, 9 millionar (NT) etter søknad på grunnlag av automatinntekter i 2001 og 0,3 million frå spel på skip.

Inntekt frå bingo utan entreprenør og lokale lotteri er ikkje medrekna.

Diverse organisasjonar (44 millionar *)

Her inngår religiøse organisasjonar, politiske parti eller andre organisasjonar som ikkje kan plasserast i gruppene framfor.

Inntektene kom frå entreprenørbingo (13 mill.), 2 millionar frå Belago, landslotteri (9 mill.), grasrotmidlar (NT) (11 mill.), spel på skip (1 mill.) og 8 millionar (NT)¹⁴ på grunnlag av automatinntekter i 2001 og overgangsordning.

Tiltak vedkomande uheldig speleåtfærd (12 millionar)

Dette kjem frå Norsk Tipping sitt overskot og bidreg som finansiering av regjeringa sin handlingsplan mot speleproblem. Dei overordna målsettingane i hand-

11 Inkl. utbetaling av tidlegare ufordelte midlar med 7 millionar i overgangsordning.

12 Inkl. utbetaling av tidlegare ufordelte midlar med 50 millionar i overgangsordning.

13 Inkl. utbetaling av tidlegare ufordelte midlar med 35 millionar. i overgangsordning.

14 Inkl. utbetaling av tidlegare ufordelte midlar med 0,8 millionar. i overgangsordning.


lingsplanen er å førebygge speleavhengigheit og redusere skadeverknadane frå overdriven speling.

Uspesifiserte inntekter (136 millionar)

Dette er estimert inntekt frå bingo utan entreprenør (35 mill.), lokale/regionale lotteri

(80 mill.) og grasrotmidlar (21 mill.). Vi har ikkje data-grunnlag til å fordele inntektene på formåla ovanfor, men vi reknar med at om lag 20 millionar av dette er inntekt frå bingo for lokalradio og – TV.

Den norske pengespelmarknaden år 2013, inntekt til formål fordelt på ulike kategoriar



Endring frå år 2012

Basert på omsetninga i spelemarknaden medrekna tidlegare ufordelte midlar både i 2012 og i 2013, fekk formåla for 2013 tilført 174 millionar mindre enn året før.

Fordeling av spel- og lotteriinntekter	2012	2013	endring	
	Mill. kr	Mill. kr	Mill. kr	Prosent
Idrett	2 017	2 226	210	10 %
Kultur (statsbudsjettet og regjeringa)	1 168	863	-304	-26 %
Musikk/kultur/fritid	148	159	11	7 %
Hest/hestesport	598	591	-8	-1 %
Helse	538	521	-17	-3 %
Humanitær	540	478	-63	-12 %
Diverse	37	44	6	17 %
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	145	136	-10	-7 %
Tiltak vedk. speleavhengighet	12	12	0	0 %
Totalt	5 204	5 030	-174	-3 %

Endring i omsetning

Den norske pengespelmarknaden totalt

Tal i millioner kroner	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	Endring 2012-2013
Brutto omsetning (spelt for)	27 372	18 980	22 515	24 751	26 838	28 660	30 915	8 %
Netto omsetning (lagt igjen / tap)	9 277	7 879	8 350	8 646	8 907	9 067	9 012	-1 %

Brutto er omsetninga i 2013 auka med 8 prosent frå 2012. Netto omsetning har hatt ein liten reduksjon. Forskjell i prosentvis endring skuldast mellom anna auka omsetning i spel med høgare gevinstprosent.

Norsk Tipping (eksklusiv Extra)

Tal i millioner kroner	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	Endring 2012-2013
Brutto omsetning	9 514	9 612	11 624	13 823	15 311	18 382	20 706	13 %
Netto omsetning	4 441	4 481	4 777	5 125	5 351	5 867	5 886	0 %

Brutto omsetning i 2013 var 13 prosent større i enn i 2012. Netto omsetning (etter premie-utbetaling) var stabil. Dette skuldast mellom anna auke i omsetning for Multix og Belago der det er høge gevinstprosentar. Dei enkelte spela blir nærare omtalt i del 3 av rapporten.

Extra

Tal i millioner kroner	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	Endring 2012-2013
Brutto omsetning	874	967	950	927	903	864	935	8 %
Netto omsetning	437	483	475	463	457	435	474	9 %

Bruttoomsetninga i 2013 er auka med 8 prosent samanlikna med året før.

Norsk Rikstoto

Tal i millioner kroner	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	Endring 2012-2013
Brutto omsetning	3 163	3 710	3 625	3 667	3 813	3 879	3 775	-3 %
Netto omsetning	1 056	1 214	1 186	1 205	1 256	1 267	1 224	-3 %

Norsk Rikstoto si omsetning er redusert med 3 prosent gjennom 2013.

Entreprenørbingo

Tal i millioner kroner	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	Endring 2012-2013
Brutto omsetning	2 629	3 955	5 129	5 152	5 812	4 538	4 502	-1 %
Netto omsetning	856	1 199	1 326	1 281	1 346	1 016	957	-6 %

Netto omsetning i entreprenørbingo er redusert gjennom 2013. Entreprenørbingo er nærare omtalt i del 6 av rapporten.

Landslotteri								Endring
Tal i millionar kroner	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2012-2013
Brutto omsetning	422	396	378	383	291	292	288	-1 %
Netto omsetning	345	322	311	312	251	241	236	-2 %

Landslotteria har hatt ein liten reduksjon i 2013.

Andre spel/lotteri

Omsetning for bingo utan entreprenør og for lokale/regionale lotteri er estimert av Lotteritilsynet.

Bingo utan entreprenør	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Tal løyve:	710	570	500	460	380	350	340
Lotteritilsynet sitt estimat for omsetning ¹⁵ : (brutto omsetning, tal i millionar)	240	230	220	210	160	145	140

Totalt syner tal frå Lotteriregisteret ein liten reduksjon i lag som arrangerer bingo utan entreprenør.

Lokale / regionale lotteri	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Tal meldingar motteke	2 050	2 610	2 420	2 420	2 540	2 350	2 210
Tal løyve gitt:	110	100	100	90	80	80	70
Lotteritilsynet sitt estimat for omsetning ¹⁶ : (brutto omsetning, tal i millionar)	90	110	120	120	130	130	110

På grunnlag av tal meldingar, løyve og rekneskap i 2013 har vi estimert redusert omsetning i 2013.

Spel på skip						Endring
Tal i millionar kroner	2009	2010	2011	2012	2013	2012-2013
Brutto omsetning	468	469	413	431	459	7 %
Netto omsetning	93	90	85	86	90	4 %

I 2013 auka omsetninga noko samanlikna med 2012.


15 Estimert omsetning avrunda til næraste 10 mill. (5 mill. i 2012 og 2013) (sjå vedlegg for berekningsmåte).

16 Estimert omsetning avrunda til næraste 10 mill. (sjå vedlegg for berekningsmåte).

Norsk Tipping AS og Extra

Norsk Tipping AS (NT) har fleire spel i sin portefølje. Samla brutto omsetning (før gevinstutbetaling) var 21,6 milliardar kroner i 2013. Dette inkluderer også talspelet Extra som Norsk Tipping opererer på vegne av ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering¹⁷.

Brutto omsetning Norsk Tipping AS år 2013, total 21 641 millonar kroner



39 prosent av samla innsats vart satsa på talspel (Lotto, Viking Lotto, Eurojackpot, Joker, Keno samt Extra). Legg ein til omsetninga frå Flax, Multix og Belago, kjem 87 prosent av omsetninga frå spel der

sjansen for gevinst er heilt tilfeldig. Sportsspele Tipping, Oddsens og Liveoddsen stod for 13 prosent av omsetninga. Dette er spel der kunnskap om sport kan auke vinnarsjansane.

Brutto omsetning fordelt på type spel

	Mill. kr	Prosent
Talspel: Lotto, Viking Lotto, Joker og Keno	7 446	34 %
Extra	935	4 %
Sportsspel: Tipping	601	3 %
Oddsens ¹⁸	1 424	7 %
Liveoddsen ¹⁹	776	4 %
Skrapelodd: Flax	1 090	5 %
Terminalspel: Multix og Belago	9 370	43 %
Total brutto omsetning	21 641	100 %

¹⁷ I statistikkar til og med for året 2010 var Extra presentert for seg.

¹⁸ Her inngår Langoddsen, Oddsbomben og Vinneroddsen.

¹⁹ Liveoddsen vart lansert i juni 2012. Liveoddsen blir spelt medan kampar pågår. Det er fleire spel per kamp.

Omsetning og gevinst - i millionar kroner	Talspel inklusive Extra	Sports- spel	Skrapelodd	Terminalspel (Multix og Belago) ²⁰	Totalt
Total brutto omsetning	8 381	2 800	1 090	9 370	21 641
Totalt til gevinst	4 146	1 948	588	8 599	15 281
Total netto omsetning	4 235	852	502	771	6 361
Gevinstprosent	49 %	70 %	54 %	92 %	71 %

Totalt gjekk 71 prosent tilbake til spelar som gevinst.

29 prosent gjekk til fordeling mellom Norsk Tipping, kommisjonærar og formål. Samanlikna med 2012 er den totale gevinstprosenten auka frå 67 til 71 prosent. Auken skuldast mellom anna omsetningsauke på Multix og Belago der gevinstprosenten er høg (92 %). I 2012 utgjorde brutto omsetning for Multix og Belago nærare 7,0 milliardar.

Lågast gevinstdel har talspel og skrapelodd med høvesvis 49 og 54 prosent.

Sportsspel har ein samla gevinstdel på 70 prosent der Liveoddsen har høgaste prosent (84 %). Dei andre oddsspela hadde ein samla gevinstdel på 68 prosent²¹. For den tradisjonelle tippekupongen er gevinstprosenten 55.

Talspel (inkl. Extra) har i 2013 ein samla gevinstprosent på 49, og skrapeloddet Flax 54 prosent.

Det er råd å delta i Norsk Tipping sine spel via kommisjonær i butikk / kiosk eller via Internett. Talet på kommisjonærar var 4 016 den 31. desember. Spel via Internett skjer mest via PC, men óg via nettbrett og mobiltelefon.

Det meste av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærnett (8 688 mill.²², og i tillegg 9 370 mill. på spel på terminalar (Multix og Belago)). Vidare spelte nordmenn for 3 590 millionar²³ over Internett (1 779 mill. på sportsspel, og 1 811 mill. på talspel som Lotto og Extra). Skrapeloddet Flax vart ikkje selt over Internett i 2013.

20 Multix: Brutto 7 105 mill og netto 582 mill. Belago: Brutto 2 266 mill og netto 189 mill.

21 Langoddsen 68 %. Vinneroddsen og Oddsbomben har fast gevinstprosent på høvesvis 65 % og 60 %.

22 Av dette utgjer Spill i kasse 363 millionar. Dette er ferdig utfylte spelekupongar (talspel) blir selt over disk i daglegvareforretningar.

23 Av dette kjem 1 518 millionar frå sal via mobiltelefon og nettbrett.

Netto omsetning og fordeling på aktørane

Norsk Tipping

Etter gevinstutbetaling var netto omsetning for Norsk Tipping 6 361 millionar kroner, inklusiv omsetning for Extra.

Fordeling av netto omsetning	Mill. kr	Prosent
Til formål	3 946,1	62 %
Til Norsk Tipping AS	1 534,4	24 %
Til kommisjonær (inkl. nettpartnerar)	880,1	14 %
Sum = netto omsetning	6 360,5	100 %

Til formåla gjekk det 3 946 millionar kroner eller 62 prosent av netto omsetning. I 2012 var prosenten til formål 64, som då utgjorde 4 030 millionar.

I 2013 vart 3 321 millionar utbetalt over tippenøkkelene. Det er i tillegg rekna med 47 mill. frå Belagoterminalene som formålsinntekt i bingo,

339 millionar kroner til mottakarar under ordninga med Grasrotandelen og 227 mill. til ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering. I beløpet inngår også 12 mill. til tiltak vedkomande uheldig speleåtfærd.

Det meste av overskotet frå Norsk Tipping si omsetning i 2013 blir utbetalt til formål i 2014.

Andre nøkkeltal for Norsk Tipping

	Mill. kr
NT sin del av inntekt frå eigne spel og Extra (til NT's drift)	1 534
NT sine samla netto kostnader ²⁴	1 534
Midlar som er haldne tilbake i NT	0

Fordeling til overskotsformål - TIPPENØKKELN²⁵

Frå fordeling frå 2013 gjekk 1 860 millionar til idrettsformål. 863 mill. til kultur og 598 mill. til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar.

For kultur blei 369 mill. tilført statsbudsjettet, medan regjeringa tildelte 495 mill.²⁶ til spesifikke kulturformål (*Den kulturelle skolesekken* 198 mill., *Kulturbygg, møteplasser og formidlingsarenaer for kultur* 133 mill., *Frifondordningen* 148 mill., og *Den kulturelle spaserstokken* 15 mill.).

24 Samla netto kostnader: Alle kostnader, men utan provisjon. Korrigerert for netto inntekt av finansielle postar og andre inntekter/kostnader som ikkje er spesifikt relaterte til Norsk Tipping sine spel. Grasrotandel er ikkje rekna med her.

25 2013 overskotet er fordelt i samsvar med § 10 i pengespellova (gjeldande frå 01.01.2014).

26 Pressemelding frå Kulturdepartementet 6. juni 2014


Fordelinga til idretten er synleggjort i tabellen under.²⁷

Tal i millionar kroner

Idrettsanlegg	928,7
Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité	593,0
Tilskot til lokale lag og foreiningar	209,0
Spesielle aktivitetar	62,1
Forsknings- og utviklingsarbeid	23,3
Nasjonalanlegg /spesielle anlegg	43,6
Totalt	1 859,7

Mykje av idretten sine spelemidlar gjekk til idrettsanlegg og til Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (hhv. 50 % og 32 %). Diagrammet under viser prosentvis fordeling.

Prosentvis fordeling av idretten sine spelemidlar år 2013



Frå Norsk Tipping er det fordelt 597,8 millionar til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar. Tabellen under viser fordelinga til formål i 2014:

	Frå Norsk Tipping sitt overskot 2013
10 H	495,5 mill
Andre organisasjonar	52,6 mill
Utbetalt	548,1 mill
Overført og utbetalt etter overgangsordning ²⁸	49,7 mill
Totalt	597,8 mill

²⁷ Pressemelding frå Kulturdepartementet 11. april 2014

²⁸ Jf. Forskrift om tilskudd til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar fra spilleoverskuddet til Norsk Tipping § 6b.

10 organisasjonar som utgjer 10 H fekk totalt utbetalt 496 millionar. For 5 humanitære organisasjonar utgjer dette i alt kroner 373 millionar. For 5 helseorganisasjonar 123 millionar.

Norges Røde Kors	208,6	Kreftforeningen	66,9
Redningsselskapet	128,5	Norges Handikapforbund	19,7
Norsk Folkehjelp	15,5	Norges Blindeforbund	17,9
Redd Barna	10,8	Landsf. for hjerte og lungesyke	11,4
Flyktninghjelpen	9,6	Nasjonalforeningen for folkehelsen	6,6

374 andre lag og foreiningar har etter søknad til Lotteritilsynet fått tildelt totalt 52,6 millionar kroner (ved denne tildelinga har vi innvilga 9 fleire søknadar enn året før). Dette er fordelt på følgjande kategoriar av lag og foreiningar.

	tal foreiningar	totalt tildelt
Idrett	36	3,2 mill
Helse	68	18,5 mill
Musikk/kultur/fritid	205	14,9 mill
Humanitær	43	9,2 mill
Diverse	22	6,9 mill
Total	374	52,6 mill

Utbetaling etter overgangsordning

Frå tippenøkkelen stod det igjen kroner 49,7 millionar som ikkje vart disponert til lokale lag og organisasjonar gjennom Lotteritilsynet si ordinære fordeling av midlar til dei som hadde lotteriinntekter i den tidlegare automatmarknaden. Saman med tidlegare års udisponerte midlar på 43,9 millionar (inkludert 1 million i renteinntekter) har Lotteritilsynet

etter eigen søknadsordning betalt ut kroner 93,6 millionar kroner til landsdekkande foreiningar som ikkje tidlegare har hatt inntekt frå Norsk Tippings overskot.

23 landsdekkande organisasjonar²⁹ har etter søknad fått utbetalt dette beløpet:

	tal organisasjonar	totalt tildelt
Helse	18	50,3 mill
Musikk/kultur/fritid	1	7,5 mill
Humanitær	2	35,0 mill
Diverse	2	0,8 mill
Total	23	93,6 mill

29 Sjå vedlegg for namn på organisasjonane og fordeling.

Grasrotandelen

Frå Norsk Tipping si speleomsetning i 2013 har det gått 340 millionar til nær 23 100 lokale lag og foreiningar. Inntil 5 prosent av innsatsen som blir satsa i spel kan gå til foreiningar som Norsk Tipping sine

spelarar sjølv bestemmer at pengane skal gå til. Ein føresetnad for å få midlar frå ordninga er at laget er registrert i Frivillighetsregisteret, og at spelar har registrert eit lag som mottakar av grasrotmidlar.

Kategori i Frivillighetsregisteret	Kategori i Lotteri-registeret ³⁰	Grasrotandel i 2013 - kroner	Tal foreiningar
Idrett	Idrett	214 097 652	7 323
Kultur og kunst	Musikk/kultur/fritid	32 363 421	4 897
Rekreasjon og sosiale foreiningar	Musikk/kultur/fritid	22 942 298	4 039
Interesseorganisasjonar	Helse	14 399 123	2 008
Sosiale tenester	- fleire kategoriar	11 954 955	781
Barne- og ungdomsorganisasjonar	Musikk/kultur/fritid	11 528 299	1 059
Lokalsamfunnsutvikling	Musikk/kultur/fritid	8 568 738	1 317
Dyrevern	Diverse	7 755 946	80
Andre helsetenester	- fleire kategoriar	4 737 159	384
Internasjonale aktivitetar	Humanitær	3 620 162	204
Tru- og livssynsorganisasjonar	Diverse	1 829 770	331
Krisehjelp og støttarbeid	- fleire kategoriar	1 383 887	145
Økonomisk og materiell støtte	- fleire kategoriar	1 351 052	80
Mangfald og inkludering	- fleire kategoriar	1 112 219	120
Natur- og miljøvern	Diverse	648 885	109
Frivillighetssentraler	Musikk/kultur/fritid	436 270	68
Pengeutdelande stiftelsar	Humanitær	249 735	8
Politiske organisasjonar	Diverse	187 260	56
Andre	Diverse	180 788	17
Sjukeheimar	Helse	57 279	2
Yrkessamanslutningar	Diverse	35 741	14
Bustad- og lokalmiljø	Diverse	29 850	22
Forsking og utvikling	Diverse	27 266	6
Annen utdanning	Diverse	13 972	8
Sjukehus og rehabilitering	Helse	11 300	3
Juridisk rådgiving	Diverse	11 064	2
Arbeidsopplæring	Diverse	8 414	1
Grunn og vidaregåande utdanning	Diverse	6 925	2
Arbeidstakarorganisasjonar	Diverse	2 838	5
Næringslivs- og arbeidsgjevarorganisasjonar	Diverse	1 839	1
Total		339 554 110	23 092

30 Under føresetnad av at organisasjonen var godkjent som lotteriverdig organisasjon ville den blitt gitt eitt av fem kategorinamn.

I høve til vår kategorisering av formål kan fordelinga visast slik:

Grasrotandel 2013	Millionar	Prosent
Idrett	214	63 %
Helse	14	4 %
Musikk/kultur/fritid	76	22 %
Humanitær	4	1 %
Diverse	11	3 %
Fleire kategoriar (oftast Humanitær eller Helse)	21	6 %
Totalt	340	100 %

Største delen av grasrotmidlane, 63 prosent, har i 2013 gått til idrettslag. Også organisasjonar innan Musikk/kultur/fritid har fått ein forholdsvis stor del. Helse - og humanitære organisasjonar inngår ofte

i gruppa som her er nemnt som *Fleire kategoriar*. Dermed er deira del av ordninga noko større enn det som kjem fram blant dei fem første kategoriane.

Formålsinntekter frå Belago

Overskotet frå Belago-terminalar går til lag og foreiningar som er formålmottakarar i dei bingohallane der terminalane er utplassert.

I 2013 gjekk det frå desse terminalane 47,2 millionar til formål. Mottakarane av overskotet får ein fast prosent av netto omsetning på Belago-terminalane (25 % av 189 millionar i 2013). Beløpet blir betalt ut gjennom bingoentreprenørane, og bingoentreprenørarar har i si rapportering for 2013 rapportert korleis dette beløpet er fordelt på ulike typar lag og foreiningar.

	Belago
Idrett	22,0 mill
Helse	8,2 mill
Musikk/kultur/fritid	11,1 mill
Humitær	4,2 mill
Diverse	1,7 mill
Totalt	47,2 mill

Extra

Netto omsetning (etter gevinstutbetaling) for Extra var 474,4 millionar kroner til fordeling mellom aktørane. Overskotet blir fordelt av stiftelsen på ulike prosjekt innan førebygging, rehabilitering og forskning.

Frå netto omsetning i 2013 fekk ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering 226,9 millionar eller 48 prosent av netto omsetning.

Ein del av overføringa til NT, var operatørgodtgjersle og ikkje relatert til NT sine kostnader med spelet. I år 2013 utgjorde dette 86,1 millionar, og operatørgodtgjersla inngår deretter i NT si overføring til NT

sine formål. Dette utgjorde 18 prosent av Extra si netto omsetning.


Fordeling til formål frå ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering

ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering fordeler midlar frå Extraspelet til ei rekkje organisasjonar. Frivillige/humanitære organisasjonar med helse- og rehabiliteringsrelatert verksemd samt funksjonshemma sine interesseorganisasjonar kan søkje om midlar. Midlar blir fordelt til prosjekt vurdert ut frå faglege kvalitetskrav og relevans i høve til stiftelsen sine retningslinjer. I 2013 delte stiftelsen ut i alt 230 millionar fordelt på 551 prosjekt.


Fordeling til formål frå Extra	Mill. kr	Prosent
Førebygging	68,0	32,5 %
Forsking	73,3	35,0 %
Rehabilitering	68,0	32,5 %
Sum	209,3	100,0 %
10 % adm.tilskot til mottakarorganisasjon	20,9	
Totalt	230,3	

Diagramma under viser korleis midlane som stiftelsen delte ut frå 2013-overskotet fordeler seg på aldersgrupper og helseområde.

Extraspelets midlar fordelt på aldersgrupper 2013




Extraspelets midlar fordelt på helseområde i 2013



Norsk Rikstoto

Norsk Rikstoto tilbyr spel på hest. Samla omsetning før gevinstutbetaling var nærare 3,8 milliardar kroner i år 2013.

Brutto omsetning Norsk Rikstoto sine spel år 2013, totalt 3 775 millionar kroner



Omsetning og gevinst	Mill. kr	Prosent
Total brutto omsetning	3 774,5	100 %
Totalt til gevinst	2 550,9	68 %
Total netto omsetning	1 223,6	32 %

Om lag to tredjedelar av totalomsetninga gjekk tilbake til spelarane som gevinst, og ein tredjedel vart fordelt på operatør, kommisjonærar og formål.

Norsk Rikstoto sine spel kan spelast hos kommisjonærar, på baner eller via Internett. Talet på kommisjonærar med terminalar har auka litt gjennom 2013, frå 1 668 (1. jan) til 1 687 (31. des). I Norge

er det 12 trav- og galoppbaner, men det kan også spelast på løp i andre land.

59 prosent av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærar over disk. Omsetning på baner utgjorde nær 5 prosent, medan Internett utgjorde 36 prosent. I 2012 utgjorde omsetninga over Internett 32 prosent.

Brutto omsetning i salskanalar	Mill. kr	Prosent
Kommisjonær (ikkje over Internett)	2 230,3	59,1 %
Baner	172,7	4,6 %
Internett ³¹	1 371,5	36,3 %
Total	3 774,5	100,0 %

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

Etter utbetaling av gevinstar, var det 1 224 millionar kroner til fordeling mellom aktørane.

Fordeling av netto omsetning	Mill. kr	Prosent
Til formål ³²	590,9	48 %
Avgift til staten	139,7	11 %
Til operatør (Rikstoto)	327,3	27 %
Til kommisjonær	165,7	14 %
Sum = netto omsetning	1 223,6	100 %

Til formåla gjekk det 591 millionar kroner eller 48 prosent av netto omsetning. I 2012 var prosenten til formål 47, som då utgjorde 598 millionar.

Fordeling til formål	Mill. kr
V75 og storløp-premiar	61,6
Transporttilskot	2,4
Norsk Hestesenter	27,0
Det Norske Travelskap	80,8
Norsk Jockeyklubb	25,3
Bidrag avskrivning finans	16,8
Provisjon driftsselskap (banene)	376,9
av dette drift løpsbaner ³³	198,7
av dette premiar til hesteeigarar	178,2
Totalt	590,8

Forklaring til dei ulike formåla

V75 og storløp-premiar er samla premiar til hesteeigarar som er utbetalt i V75-løp og andre storløp.

Norsk Hestesenter på Starum mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto. Norsk Hestesenter skal ta vare på og vidareutvikle hestenæringa, og sjå til at det finst kvalifiserte og kompetente yrkesutøvarar.

Det Norske Travelskap (DNT) skal ivareta dei sportslege aktivitetane innan travsporten. DNT får driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

Transporttilskot blir overført til DNT som betalar ut støtte til aktive for transport av hestar til løpsbaner.

Norsk Jockeyklubb (NJ) skal ivareta dei sportslege aktivitetane i galoppsporten. NJ får driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

Bidrag avskrivning finans er finansiell støtte som Norsk Rikstoto gir til DS (totalisatorbanene). Dette er støtte som kjem i tillegg til provisjon av omsetning i totalisatorbanene sine regionar.

31 Spel via mobiltelefon via m.rikstoto.no og mobil.rikstoto.no inngår under internettspel.


32 I overføring til formål inngår ikkje overføringar til Rikstotoklinikken Bjerke.

33 Beløp inneheld vederlag for sal av spel på banene.

Provisjon driftsselskap (DS) blir utrekna etter omsetning i regionen til det einskilde DS. Inntekt skal dekkje drift på den einskilde løpsbane og

premiar til hesteeigarar på ordinære løp som banene arrangerer.

Prosentvis fordeling av formålsmidlar frå Norsk Rikstoto år 2013



Statsavgift

Avgift til staten (140 mill.) er ei fiskalavgift til statskassa utan øyremerking.

Rikstoto og kommisjonærane

Kommisjonærar fekk 166 mill. eller 14 prosent av samla netto omsetning. I tillegg til godtgjersle til dei tradisjonelle kommisjonærane som tilbyr spel over disk, inngår her også godtgjersle til eksterne nett-kommisjonærar. Nettkommisjonærar tilbyr Norsk Rikstoto sine spel frå deira eigne nettsider.

Andre nøkkeltal for Norsk Rikstoto

	Mill. kr
RT sine inntekter frå hestespel	276,9
Andre inntekter	63,3
Samla kostnader	349,0
Årsresultat	-8,8

Årsresultatet for Norsk Rikstoto vart eit underskot på 8,8 millionar kroner for 2013. Til samanlikning var underskotet 1,1 millionar i 2012 og 7,2 millionar i 2011.

Digitale plattformer


Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto tilbyr spel over Internett der ein kan spele frå PC, nettbrett og mobiltelefon. Det er innsats og eventuell gevinst som blir overført via Internett, men spela var i 2013 hovudsakleg dei same som om ein går til tradisjonell kommisjonær eller på løpsbaner.³⁴

Spelar opprettar ein spelekonto. Til denne vert det overført pengar frå spelars bankkonto (t.d. løns-konto) eller gevinstar frå spel. Frå spelekontoen kan spelar bruke pengar som innsats i spel, eller overføre gevinstar til eigen bankkonto.

Digitale plattformer - brutto omsetning (mill. kr)

	2009	2010	2011	2012	2013	Endring frå 2012	
Norsk Tipping (inkl. Extra)	1 242,1	1 660,2	2 090,6	2 859,9	3 589,9	730,0	26 %
Norsk Rikstoto	794,4	918,7	1 080,5	1 249,5	1 371,5	122,0	10 %
Totalt	2 036,5	2 578,9	3 171,1	4 109,4	4 961,4	852,0	21 %

Brutto omsetning - spel på digitale plattformer. I 2013 totalt 4 961 millionar kroner



³⁴ Liveodds (NT) kan berre spelast over internett.

Dette var omsetninga på dei godkjende norske pengespela. I tillegg har ein god del nordmenn spelt på utanlandske nettspel.

På bakgrunn av spørjeundersøkingar som Sentio Research Norge AS gjennomførte for Lotteritilsynet i 2013³⁵ og tal frå den norske marknaden har vi tidlegare presentert anslag for spel på Internett for 2013.

12,2 prosent av nordmenn over 18 år brukte Internett til pengespel (både på norske og utanlandske

nettstader). Dette utgjorde 480 000 nordmenn over 18 år.

For 2013 har Lotteritilsynet anslått at nordmenn satsa mellom 11 og 15 milliardar kroner på utanlandske nettstader. Beløpet som vart lagt igjen etter gevinstutbetaling var mellom 700 millionar og 1 000 millionar kroner, jf. Lotteritilsynets årsmelding for 2013.

35 Kwartalsvise målingar gjort i 2013 (totalt 4 000 spurde over 18 år).

Bingo

Bingo deler vi i to typar:

Bingo med entreprenør der entreprenør står for drifta medan lag og foreiningar får overskotet, og *bingo utan entreprenør* der lag og foreiningar sjølve står for drifta.

Vi har reelle tal rapporterte frå entreprenørbingo. For bingo utan entreprenør har vi estimert omsetning der vi manglar rekneskapsopplysningar (sjå vedlegg).

Bingo med entreprenør

Dette er arrangement der profesjonelle entreprenørar driv bingo i eigne lokale, og overfører overskot frå spel til ulike lag og organisasjonar.

Oversikten under er basert på rapportering og data frå bingoentreprenørane som til saman dreiv 226 bingolokale per 31. desember 2013. Talet lokale i entreprenørbingo er redusert med fire sidan utgangen av 2012 då talet var 230. Talet på entreprenørar var 65 ved utgangen av 2013, og to færre enn i 2012.

Bingo med entreprenør - nøkkeltal år 2013

Brutto omsetning (sidespel er inkludert)	4 502 mill kr
Gevinst	3 544 mill kr
Netto omsetning	957 mill kr
administrativ kostnad	723 mill kr
overskot til formåla	235 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	5 %
Formåla sin del av netto omsetning	25 %
Gevinstprosent	79 %

Entreprenørbingo omsette for 4,5 milliardar kroner i år 2013. Til lag og organisasjonar vart det overført 235 millionar kroner eller 5 prosent av brutto omsetning. Gevinstdel er 79 prosent og formåla sin del av netto omsetning er 25 prosent.

Samanlikna med 2012 er omsetninga litt redusert, spesielt for netto omsetning. Brutto omsetning i 2012 var 4 538 millionar, og netto omsetning var 1 016 mill.

Formåla har i 2013 fått 11,6 millionar mindre enn i 2012, men dette er før vi reknar med inntekt frå

Belago. Dei fleste formåla hos bingoentreprenørar har i tillegg inntekt frå Belago.

Norsk Tipping sine Belago-terminaler er utplassert i bingolokale, og formålsinntektene går til same formål som har inntekt frå dei andre spela i bingolokalet. I 2013 fekk formåla 47,2 mill. frå Belago mot 22,4 mill. i 2012 (24,8 millionar i auke).

Formåla i entreprenørbingo har dermed samla fått 13 millionar meir i 2013 enn i 2012 når vi reknar med Belago.

Sidespel

Sidespel databingo og papirsidespel. Papirsidespel er til dømes «Mølle».

Sidespel per 31.desember 2013	Entreprenører	Prosent
Databingo	65	100 %
Papirsidespel	3	5 %
Ingen sidespel	0	0 %
Tal entreprenører totalt	65	

Ved utgangen av året stod det databingoterminalar i alle bingohallane, og det var utplassert i overkant av 6 100 databingoterminalar. Dette er om lag det same som i 2012 då det stod uplassert nær 6 200 terminalar.

Nøkkeltal for hovud- og sidespel 2013

Tal i millionar kroner	Brutto- omsetn.	Gevinst	Gevinst- prosent	Netto- omsetn.	Til formål	% til formål av netto- omsetn.
Hovudspel	1 357	960	71 %	397	67	17 %
Sidespel:						
- databingo	3 142	2 582	82 %	559	168	30 %
- papirsidespel	3,5	2,2	63 %	1,3	0,4	30 %
- sidespel totalt	3 145	2 585	82 %	561	168	30 %
Totalt	4 502	3 544	79 %	957	235	25 %

For hovudspel har omsetninga stort sett vore stabil frå 2012. Då var brutto omsetning 1 343 millionar og netto omsetning 401 millionar. Databingo har hatt ein liten reduksjon. I 2012 var brutto omsetning for databingo 3 190 millionar, og talet for netto-omsetning var 613 millionar.

79 prosent av omsetninga i entreprenørbingo gjekk tilbake til spelarar som gevinstar. Høgast gevinstprosent har sidespel med 82 prosent. Gevinstprosentane har auka noko samanlikna med 2012 då samla gevinstprosent var 78 prosent.

Lag og foreiningar fekk totalt 235 millionar kroner i inntekt frå entreprenørbingo utan at Belago er rekna med. 72 prosent av desse inntektene kom frå sidespela, og hovudsakeleg frå databingo (168 mill.).

Bingoentreprenørane har rapportert at dei spelte for 3 269 lag og foreiningar i år 2013. Dette er ein auke med 105 lag samanlikna med 2012 då talet var 3 164 lag.


Mange lag og organisasjonar som har inntekt frå bingospel får også inntekt frå Norsk Tippings Belago-terminalar som er utplassert i bingohallar. Utplasseringa av desse tok til hausten 2011, og for 2013 vart det gjennom bingoentreprenørane fordelt 47 millionar.

I 2013 har 1 372 Belago-terminalar vore utplassert i 188 bingohallar. Bingoentreprenørane har rapportert³⁶ at dei har fordelt inntekt frå Belago på nærare av 2 500 lag og foreiningar.

³⁶ Gjennom bingoentreprenørane sin rapportering er det totalt rapportert 46,1 millionar til formålsinntekter. Differansen frå 47,2 (1,1 mill.) er lagt til med prosentvis fordeling på dei fem ulike kategoriane.

Formål	Bingoinntekter (hovud - og sidespel)	Belago- inntekter ³⁷	Totalt	
	Mill.	Mill.	Mill.	Prosent
Idrett	112	22	134	48 %
Helse	47	8	55	19 %
Musikk/kultur/fritid	45	11	56	20 %
Humanitær	17	4	21	8 %
Diverse	13	2	15	5 %
Totalt	235	47	282	100 %

Inntekt til formåla i 2013, medrekna Belago, totalt 282 millionar kroner



Idretten fekk ein forholdsvis stor del av overskotet, 134 mill. Blant andre kategoriar er det foreiningar

innan helse samt musikk, kultur og fritid som hadde størst inntekt med høvesvis 55 og 56 millionar.

³⁷ Formålsinntekter frå Belago er vist her, men inngår ellers i rapporten som formål frå Norsk Tipping sine spel.

Bingo utan entreprenør

Dei fleste bingoane her er omtalt som *foreinings- eller bygdebingoar*.

I tillegg inngår bingo gjennom lokalradio og lokal-fjernsyn.

Nøkkeltal er estimert på grunnlag av tal i Lotteri-registeret og mottekne bingorekneskap for 2013 (sjå vedlegg for berekningsmåte).

335 lag og foreiningar inngår i oppstillinga under. 71 av desse er radiobingo og 2 er TV-bingo.

Bingo utan entreprenør - estimerte nøkkeltal år 2013

Estimert brutto omsetning (runda til næraste 5 mill)	140 mill kr
Gevinst	85 mill kr
Netto omsetning	55 mill kr
administrativ kostnad	20 mill kr
overskot til formål	35 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	25 %
Formåla sin del av netto omsetning	64 %
Gevinstprosent	61 %

Vårt estimat for bingo utan entreprenør utgjer 140 mill. i brutto omsetning, med eit overskot på 35 millionar kroner.

Samla bingoomsetning for lokalradio og lokal-fjernsyn bereknar vi til om lag 70 mill. Det aller meste av dette er radiobingo. Etter vårt estimat vil

deira del av brutto omsetning utgjere 50 prosent av omsetninga for bingo utan entreprenør.

Vi har ikkje anslag for korleis overskotet av bingoen fordeler seg på ulike kategoriar av formål, men for radio- og TV-bingo reknar vi med eit samla overskot på cirka 20 millionar kroner.

Andre lotteri

I tillegg til bingo har vi for 2013 registrert i overkant av 2 320 ulike lotteri.

Dei fleste lotteria er lokale og små, medan det er landsdekkjande lotteri som har det meste av

omsetninga. Denne delen omfattar for det meste landslotteria, men vi har og gjort eit estimat for dei lokale eller regionale lotteria.

Landslotteri

Landslotteri blir selde i fire eller fleire politidistrikt. Dei aller fleste er landsdekkjande. For 2013 har vi fått innrapportert 40 lotteri. I 2012 var talet 44.

Landslotteri - nøkkeltal år 2013

Loddsal	288 mill kr
Gevinstkostnad	52 mill kr
Netto omsetning	236 mill kr
administrative kostnader	155 mill kr
overskot til formåla	81 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	28 %
Formåla sin del av netto omsetning	34 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	18 %

Landslotteria omsette for 288 millionar kroner.

Samla gevinstkostnad i 2013 var 52 millionar. Dette er lotteria sine kostnader med gevinstane, og treng ikkje vere gevinstane sin verdi for vinnarar. Til dømes er eventuelle rabattar trekte frå. Administrative kostnader utgjorde 155 millionar.

Overskotet til organisasjonane var 81 millionar. Dette utgjorde 28 prosent av brutto - og 34 prosent av netto omsetning.

Samanlikna med 2012 er omsetninga litt redusert, men overskotet til organisasjonane er auka. I 2012 utgjorde loddsalet 292 millionar og overskotet til organisasjonane var 74 millionar kroner.

Landslotteri blir selde på ulike måtar, m.a. gjennom abonnement, telemarketing (TM), direkte post (DM) og medlemsal. Eit lotteri kan ha fleire salskanalar. I tillegg inngår pantelotteriet frå Norsk Pantelotteri AS der Røde Kors mottar inntekter.

I tillegg til desse lotteria kan ein også kjøpe Norsk Tipping sine skrapelodd (Flax) frå NT's kommisjonærar. Flax si omsetning inngår i presentasjonen av Norsk Tipping, men blir også her omtalt avslutningsvis.

Fordeling av brutto omsetning og inntekt til formåla

Kategori ³⁸	Brutto oms. (mill.)	Overskot (mill.)	Del av samla brutto oms.	Del av samla overskot	Prosent overskot av brutto oms.
Idrett	19,2	2,3	7 %	3 %	12 %
Helse	120,4	33,4	42 %	41 %	28 %
Musikk, kultur og fritid	5,4	1,3	2 %	2 %	24 %
Humanitær	119,0	35,0	41 %	43 %	29 %
Diverse	24,4	8,9	8 %	11 %	36 %
Totalt	288,4	80,9	100 %	100 %	28 %

Helse- og humanitære organisasjonar har størst omsetning og totalt 82 prosent av heile marknaden

Fordeling av netto omsetning

Kategori	Netto oms. (mill.)	Adm. kostn. (mill.)	Overskot (mill.)	Adm. kostn. av netto omsetning	Overskot av netto om- setning
Idrett	17,9	15,6	2,3	87 %	13 %
Helse	105,1	71,7	33,4	68 %	32 %
Musikk, kultur og fritid	4,4	3,2	1,3	71 %	29 %
Humanitær	88,0	53,0	35,0	60 %	40 %
Diverse	20,7	11,8	8,9	57 %	43 %
Totalt	236,1	155,2	80,9	66 %	34 %

Administrative kostnader utgjorde 155 millionar kroner. Dette var kostnader knytt til lotteria, anten i eigen organisasjon eller som honorar/provisjon til profesjonelle operatørar. Her inngår difor kostnader m.a. til marknadsføring, telefonsal etc., men ikkje gevinstkostnader.

For ein del lotteri kan også provisjon til lokale lag av organisasjonen inngå i kostnadene utan at dette kjem fram som overskot til formåla. For 18 lotteri har vi sett slike kostnadspostar som totalt utgjorde 21 millionar kroner.

38 Liste over organisasjonane i vedlegg.

Landslotteri og Norsk Tipping sine Flaxlodd


Dei fleste landslotteri er skrapelodd og landsdekkjande. Det er difor naturleg å sjå landslotteri saman med Flaxloddet til Norsk Tipping.

Landslotteri omsette totalt for 288 millionar kroner. I tillegg omsette Norsk Tipping sitt Flaxlodd for 1 090 millionar.

Organisasjonar med loddsal over 20 millionar kroner:

- Norges Røde Kors (pantelotteriet) 73 mill. kr
- Landsforeningen for hjerte- og lungesyke 53 mill. kr
- Redningsselskapet 24 mill. kr

Marknadsdelar - landsdekkjande lotteri, loddsal år 2013, totalt 1 378 millionar kroner



I 2013 utgjorde denne delen av lotterimarknaden 1 378 millionar kroner.

Lokale/regionale lotteri

Til saman vart det registrert 2 283 lokale og regionale lotteri i 2013.

Viser til vedlegg for berekning av omsetning og estimat.

2 212 er meldingslotteri og i tillegg har 71 lotteri fått løyve³⁹.

Berekning for lokale/regionale lotteri

Lokale/regionale lotteri - estimerte nøkkeltal år 2013

Estimert brutto omsetning (runda til næraste 10 mill)	110 mill kr
Gevinstkostnad	20 mill kr
Netto omsetning	90 mill kr
administrativ kostnad	10 mill kr
overskot til formåla	80 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	73 %
Formåla sin del av netto omsetning	89 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	18 %

Ikkje alle lotteri har gevinstkostnader, mellom anna fordi gevinstar er gitt som gåver.

³⁹ Arrangør av lotteri med lågare omsetning per år treng ikkje løyve, men melder frå til Lotteritilsynet. Før 1. juli 2013 trengde lotteri med omsetning på kroner 150 000,- eller meir løyve frå Lotteritilsynet, etter 1. juli 2013 vart grensa for løyve auka til kroner 200 000,-

Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn

Spel på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner er regulert etter forskrift frå 1. januar 2009. Av overskotet (netto omsetning) skal 20 prosent gå til lotteriverdige organisasjonar.

I praksis er det Color Line sine seks skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn som blir regulert etter denne forskrifta. Om bord på skipa er det to typar

spel: Automatar og spelebord. Spelebord er Black Jack og rulett. Rulett er berre tilgjengeleg på dei to største skipa.

Norske og utanlandske passasjerar spelte i 2013 for 459 millionar om bord i desse skipa.

Det meste vart spelt på automatar, men 10 prosent vart satsa ved spelebord.

Spel på skip - nøkkeltal 2013

Brutto omsetning ⁴⁰	
Automatar	412,0 mill kr
Spelebord	47,2 mill kr
Totalt	459,2 mill kr
Utbetalt gevinst	
Automatar	338,4 mill kr
Spelebord	31,0 mill kr
Totalt	369,4 mill kr
Total netto omsetning	89,8 mill kr
administrativ kostnad	71,8 mill kr
overskot til formåla	18,0 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	4 %
Formåla sin del av netto omsetning	20 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	80 %

40 Brutto omsetning for automatar er beløpet som er lagt på automatar av fysiske pengar og for spelebord er brutto omsetning talet på sjetongar som er kjøpt.

18 millionar var fordelt til 42 ulike organisasjonar som etter vår kategorisering av formål fell inn i følgjande kategoriar:

Formål	Mill. kr	Prosent
Idrett	12,7	71 %
Helse	0,1	1 %
Musikk/kultur/fritid	3,7	21 %
Humanitær	0,3	2 %
Diverse	1,1	6 %
Totalt	18,0	100 %

English summary

The turnover in the Norwegian gaming and lottery market amounted to NOK 30.9 billion in 2013. Of this the players collected NOK 21.9 billion in prize money.

This left an expenditure of NOK 9.0 billion to be distributed among the market participants, i.e.

operators, entrepreneurs, site owners, agents, as well as associations and organisations.

The turnover increased from NOK 28.7 billion in 2012.

Key figures in the gaming market in Norway

Year 2013	Million	
	NOK	EUR ⁴¹
Gross turnover (total wagered)	30 915	3 959
Prizes	21 903	2 805
Net turnover (expenditure/loss)	9 012	1 154

Year 2013	Amount wagered		Expenditure	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per capita ⁴²	6 086	779	1 774	227
Per capita, 18 years and older	7 815	1 001	2 278	292
Per household ⁴³	13 388	1 715	3 903	500
Percentage of disposable income ⁴⁴	2.36 %		0.69 %	

On average, each Norwegian citizen (young or old) wagered NOK 6,086 in 2013.

After deduction of prizes, each Norwegian citizen spent NOK 1,774. This amounts to 0.69 % of the disposable income per household.


41 Average rate of exchange 2013 as determined by Norges Bank: 7.8087.

42 Average population as determined by Statistics Norway.

43 The average number of persons per household is 2.2. (Figures from Statistics Norway)

44 Statistics Norway: "Households. Income, expenses and saving" (SSB): Disposable income NOK 1,312,180 million.

The Norwegian gaming market - gross turnover in 2013, total NOK 30 915 million



The largest amount wagered was on games provided by Norsk Tipping, i.e. approximately NOK 20.7 billion (of this 11.3 billion on IVTs⁴⁵), and 0.9 billion on Extra, a lottery also operated by Norsk Tipping. Norwegians wagered nearly NOK 3.8 billion on horse racing through Norsk Rikstoto.

Bingo and lotteries make up the private sector of the market. Bingo had a turnover of NOK 4.6 billion, with entrepreneur bingo accounting for the major portion at NOK 4.5 billion. Also included here are side

games (electronic⁴⁶ and paper). Non-entrepreneur bingo is estimated at approximately NOK 140 million.

Among the lotteries, the nationals have the highest turnover at nearly NOK 0.3 billion. For the other lotteries, we stipulate a turnover of NOK 110 million.


On Norwegian ships sailing in route traffic to foreign harbours it was wagered NOK 459 million in 2013⁴⁷.

45 Gross gaming revenue (turnover after prizes are paid out) for IVTs is NOK 771 million.

46 Bingo machines

47 On slot machines amount excluding re-investments, i.e. the value of prizes spent on further games rather than being cashed. On table games the value of chips purchased.

The Norwegian gaming market in 2013, market shares of gross turnover



Vedlegg

Om datainnsamlinga

Datamaterialet i rapporten byggjer hovudsakleg på tal innhenta frå operatørar og entreprenørar i marknaden.

Tal frå Norsk Tipping og Extra er for det meste henta inn frå Norsk Tipping, medan fordelinga av idretten og delar av kulturformåla sine tippemidlar kjem frå Kulturdepartementet. Fordelinga av formålsmidlane til Extra er oppgitt av ExtraStiftelsen Helse- og Rehabilitering.

Bingoentreprenørar har fått tilsendt spørjeskjema som dei har fylt ut og returnert til Lotteritilsynet. Vi har talmateriale frå alle bingoentreprenørar. For landslotteri byggjer datamaterialet på rekneskap frå organisasjonane sjølve.

For mindre/regionale lotteri og for bingo utan entreprenør er omsetningstala vi presenterer estimat som Lotteritilsynet sjølv har gjort. Utgangspunktet er rekneskapsopplysningar for 2013. I tillegg er tidlegare års statistikk nytta som støtte til estimat.

Nedanfor viser vi nærare korleis ulike utrekningar er gjort for dei spel og lotteri der vi ikkje har fullstendig informasjon.

Kategorisering av formål

Entreprenørar er bedt om å fordele inntekt til formåla på fem kategoriar.

Ordlyd frå rettleiinga til spørjeskjemaet er vist her.

Idrett/sport

Lokale idrettslag, generelle idrettsorganisasjonar, og meir administrative idrettssamanslutningar, f.eks Aksla Idrettslag, Alta Idrettsforening og Sogn og Fjordane Idrettskrins. Særforbund innan idrett, uavhengig av om dei er lokale eller nasjonale, f.eks Ankenes Skiklubb og Norges Friidrettsforbund.

Helse

Organisasjonar og foreiningar som naturleg fell inn under denne kategorien, f eks Bergen Døveforening, Den norske kreftforening og Norges Handikapforbund.

Musikk/ kultur/ fritidsorganisasjonar

Alle musikkorps, kor, sogelag, jeger-og fiskeforeiningar, velforeiningar, 4H klubbar, ungdomslag og pensjonistforeiningar m.m..

Humanitær verksemd

Bla. Røde kors, Redningsselskapet, Care Norge, Lions, Flyktningsrådet, Redd Barna og liknande.

Diverse organisasjonar

«Særorganisasjonar» eller interessesamanslutningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over, som til dømes NAF motorsport, miljøvernorganisasjonar, dyrevern, menneskerettighetsgrupper, politiske parti eller namn/organisasjonar som ikkje let seg klassifisere.

Organisasjonar med inntekt frå overgangsordning, utbetalt kronebeløp i 2014

Autismeforeningen i Norge	684 494
Barnekreftforeningen	924 307
Brystkreftforeningen	747 710
Caritas Norge	1 176 115
Cerebral Parese-foreningen	1 417 619
Den Norske Turistforening	7 473 393
Foreningen voksne med medfødt hjertefeil	102 888
Harry Benjamin ressurscenter (HBRS)	184 693
Hørselshemmedes Landsforbund	6 369 055
Landsforeningen for Nyrepasienter og Transplanterte	395 867
Landsforeningen Uventet Barnedød	1 047 702
Mercy Ships Norge	165 520
Miljøagentene	631 205
Myalgisk Encefalopati Nettverket i Norge (MENiN)	70 821
Norges Astma-og Allergiforbund	6 011 720
Norges Kvinne- og familieforbund	181 289
Norges Parkinsonforbund	910 747
NORILCO	699 754
Norsk Epilepsiforbund	858 771
Norske Kvinners Sanitetsforening	3 617 607
Psoriasis- og eksemforbundet	699 256
Stiftelsen Kirkens Bymisjon Oslo	33 850 670
Stiftelsen Norsk Luftambulans	25 363 197
Totalt	93 584 400

Dette er landsdekkjande organisasjonar som ikkje tidlegare har mottatt midlar frå Norsk Tipping's overskot. Jf. Forskrift om tilskudd til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar fra spilleoverskuddet til Norsk Tipping § 6b.

Berekning for bingo utan entreprenør

På grunnlag av tal i Lotteriregisteret og rekneskapsrapportar for 2013 reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Radio/TV	Andre lag og foreiningar		
Brutto omsetning i snitt	964 000 ⁴⁸	262 000 ⁴⁹		
Samla gevinstprosent	53 %	68 %		
Overskot av brutto omsetning ⁵⁰	30 %	20 %		
Tal løyve i Lotteriregisteret	73	262		
			Totalt	Avrunda
Estimert brutto omsetning	70 mill	69 mill	139 mill	140 mill
Estimert gevinst	38 mill	47 mill	84 mill	85 mill
Estimert netto omsetning	33 mill	22 mill	55 mill	55 mill
Estimert overskot til formåla	21 mill	14 mill	35 mill	35 mill

Estimert brutto omsetning år 2013*	140 mill
- Gevinst *	85 mill
= Netto omsetning	55 mill
- administrativ kostnad	20 mill
= overskot *	35 mill
Formåla sin del av brutto omsetning	25 %
Formåla sin del av netto omsetning	64 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	61 %

*) runda til næraste 5 mill

48 Snittberekning for 48 rekneskap (2013) kr 963 674,-

49 Snittberekning for 167 rekneskap (2013) kr 261 875,-

50 Avrunda prosent til formål, 2013-rekneskap og tidlegare rapporterte tal.

Landslotteri 2013 - organisasjonane i dei ulike kategoriane

Idrett	Norges Badmintonforbund Norges Fotballforbund (2 lotteri) Norges Svømmeforbund (2 lotteri) Sportslotteriet ⁵¹ (2 lotteri)
Helse	Diabetesforbundet Foreningen for hjertesyrke barn Foreningen for Muskelsyrke Hørselshemmedes Landsforbund Landsforeningen for hjerte og lungesyke Landsforeningen for Nyrepasienter og Transplanterte Landsforeningen Uventet Barnedød MS- forbundet Nasjonalforeningen for folkehelsen Norges Astma- og Allergiforbund Norges Blindeforbund Norges Handikapforbund Norsk Cøliakiforening Norsk Revmatikerforbund Norsk Thyreoideaforbund Norske Kvinners Sanitetsforening Organisasjonen Voksne for Barn Psoriasis- og eksemforbundet
Musikk, kultur og fritid	4H Norge Norges Musikkorps Forbund
Humanitær	Adopsjonsforum Norges Livredningsselskap Norges Røde Kors (pantelotteriet) Norsk Folkehjelp Redningsselskapet Stiftelsen Flyktninghjelpen
Diverse	Den indre sjømannsmisjon Det Norske Totalavholdsselskap, IOGT i Norge og junior- og barneorganisasjonen JUBA Kristelig Folkeparti MA – rusfri trafikk og livsstil Norea Mediemisjon/Norsk Luthersk Misjonssamband Noregs Mållag Sjømannskirken / Norsk kirke i utlandet MA – rusfri trafikk og livsstil Norea Mediemisjon/Norsk Luthersk Misjonssamband Noregs Mållag Sjømannskirken / Norsk kirke i utlandet

51 Sportslotteriet omfattar lotteriløype for Norges Bandyforbund, Norges Basketballforbund, Norges Bokseforbund, Norges Bordtennisforbund, Norges Bowlingforbund, Norges Danseforbund, og Norges Gymnastikk- og Turnforbund.

Berekening for lokale/regionale lotteri

For 2013 reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Meldingslotteri	Lotteri med løyve		
Brutto omsetning i snitt	38 000 ⁵²	396 000 ⁵³		
Samla gevinstprosent (kostnad)	16 % ⁵⁴	38 %		
Overskot av brutto omsetning	80 %	51 %		
Tal meldingar/ løyve	2 212	71		
			Totalt	Avrunda
Estimert brutto omsetning	84 mill	28 mill	112 mill	110 mill
Estimert gevinst	13 mill	11 mill	24 mill	20 mill
Estimert netto omsetning	70 mill	18 mill	88 mill	90 mill
Estimert overskot til formåla	67 mill	14 mill	81 mill	80 mill

Estimert brutto omsetning år	2013 *	110 mill
-	Gevinst *	20 mill
=	Netto omsetning	90 mill
-	administrativ kostnad	10 mill
=	overskot *	80 mill
Formåla sin del av brutto omsetning		73 %
Formåla sin del av netto omsetning		89 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning		18 %

*) runda til næraste 10 mill.

52 Gjennomsnittleg omsetning i 1 087 rekneskap registrert av Lotteritilsynet for 2013 (kr 37 793).

53 Snittberekning av 58 rekneskap for 2013 (kr 395 760).

54 Gevinstkostnad og andre kostnader er berre registrert for enkelte lotteri. Vi estimerer frå dette 16 % gevinstkostnad og 80 % som formålets del av brutto omsetning.



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Storehagen 1B - Postboks 800, 6805 Førde
Tlf.: 57 82 80 00 - Fax: 57 82 80 80
postmottak@lottstift.no
lottstift.no

